

*BOKN KOMMUNE*

KONTROLLUTVALET SI  
ÅRSMELDING  
FOR 2014

---



KONTROLLUTVALET  
BOKN KOMMUNE

---

## INNLEIING

---

Kontrollutvalet si årsmelding er ei melding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2014.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret*”.

---

### 1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

---

### 2. MEDLEMMENE I UTVALET

---

Kommunestyret sjølv vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmer veljast mellom representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011 - 2015 har Bokn kommunestyre vald følgjande til kontrollutvalet:

	<u>Faste medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer:</u>
Leiar	<b>Daghild G. Alvestad</b> (Sp))	1. Osmund Våga
Nestleiar	<b>Olav Lande Rossebø</b> (H)	2. Rita Boknaberg
Medlem	<b>Christine Berge Christiansen</b> (A)	3. Rune Vatnaland (frå 01.10.13)

Christine Berge Christiansen er fast kommunestyrerepresentant og Daghild Alvestad er 1. vararepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han møtt i eit møte i 2014. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han har møtt sjølv ein gong i haust, medan økonomisjef møtte i mai.

Bokn kommunestyre har vedteke eige reglement for kontrollutvalet i 2012. Reglementet blei revidert i 2014.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

---

### 3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2014

---

Kontrollutvalet har hatt 4 møte fordelt på to møte om våren og to møte om hausten. Utvalet har helde møta i allrommet på Boknatun. Møte på våren var lukka, då utvalet ikkje hadde bestemt noko anna, slik lova opna for. Som følgje av lovendring frå 01.07.13 er no møta opne, med unnatak av når det er heimla i lov om å lukke.

Utvalet har hatt 23 (22) saker til handsaming der 5 av sakene er vidaresendt til kommunestyret. 36 (36) saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversikt over saker og orienteringssaker følger som vedlegg til årsmeldinga.

Leiar og nestleiar deltok på Kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommune-revisorforbund (NKRF) på Gardermoen 05.-06.02.14. Ingen deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn 03.-04.06.14 eller dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 20.11.14.

---

### 4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

---

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

#### 4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet handsama årsrekneskapan for 2013 i møte 22.05.14. Totalt sett blei rekneskapan for 2013 gjort opp med eit driftsoverskot på kr 2,8 mill. kr. Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til årsrekneskapan.

#### 4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Bokn kommune sin plan for 2012-2016 blei vedteken av kommunestyret i møte 18.12.12, sak 42/12. I planen er det tatt med eitt prioritert prosjekt og fire uprioriterte prosjekt.

Utvalet bestilte nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i september, etter at Deloitte i mai fekk i oppdrag å leggje fram eit prosjektmandat om temaet «Tilpassing til Samhandlingsreforma». Ramma vart sett til 70 timar.

Rapporten blei oversendt sekretariatet 08.01.15 og vil bli presentert utvalet, administrasjon og ordfører i møte i februar. Rapporten gjer få tilrådingar, men peikar på at kommunen vil kunne få utfordringar innan pleie- og omsorgstenestene i åra framover.

Rapporten vil lagd fram for kommunestyret i mars og det er gjort framlegg om at rådmannen får eit halvt år på seg til å gje tilbakemelding om oppfølginga av rapporten.

Rådmannen si oppfølging av rapport om økonomisk sosialhjelp blei lagd fram for utvalet i mai. Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga og saka blei oversendt kommunestyret til orientering.

### **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Plan for 2012-2016 og retningslinjene for selskapskontroll blei vedteken av kommunestyret i møte 18.12.12, sak 40/12.

Det er i planen lagt opp til at det i løpet av perioden skal gjerast ein gjennomgang av kommunen sin eigarinteresser i selskap.

Kontrollutvalet vedtok i 2014 å delta i selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i lag med dei andre eigarkommunane. Det er revisjonsfirma Deloitte As som har gjennomført prosjektet, og rapport etter gjennomført kontroll er venta oversendt i slutten av februar.

### **4.4 TILSYN MED REVISOR**

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2012 ein anbuds konkurranse om revisjonstenesta. Deloitte AS vant konkurransen og det blei inngått avtale for perioden 2012-2015 med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 1 år. Kontrollutvalet behandla sak om bruk opsjon i haust og kommunestyret slutta seg til utvalet si innstilling i møte 14.10.14, sak 29/14. Deloitte vil då vere kommunen sitt revisjonsfirma fram til 30.06.16.1

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er partner Else Holst-Larsen med revisor Inger Johanne Solberg som hennes stedfortredar, Deloitte Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og revisor har møtt til alle møta. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

### **4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA**

Frå administrasjonen har rådmann, økonomisjef og leiar for servicetorget vore invitert til kontrollutvalet sine møte for å orientere i aktuelle saker.

Utvalet ønskte i februar å vite meir om korleis post- og arkivrutinane fungerer og om krava i arkivlova og offentleglova blir følgde. Dette på bakgrunn av tidligare brev til rådmannen i 2010 om bruk av førebels svar slik at brukarar av kommunale teneste opplev kommunen som imøtekommande. Leiar for servicetorget møtte i mai og orienterte. Utvalet var nøgd med orienteringa.

Utvalet er og blitt orientert om tilsyn innan samfunnstryggleik og beredskap, skatteregnskap og vedtekne økonomiske rammer, halvårsrapportar og KOSTRA-tall i løpet av året.

**Saker til handsaming:**

- 1/14 Godkjenning av protokoll frå møte 07.11.13
- 2/14 Referatsaker 13.02.14
- 3/14 Kontrollutvalet si årsmelding for 2013
- 4/14 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2014
  
- 5/14 Godkjenning av protokoll frå møte 13.02.14
- 6/14 Referatsaker 22.05.14
- 7/14 Oppfølging av forvaltningsrevisjon – økonomisk sosialhjelp
- 8/14 Årsrekneskapen 2013 – kontrollutvalet sin uttale
- 9/14 Post- og arkivrutinane i Bokn kommune
- 10/14 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2014/15
  
- 11/14 Godkjenning av protokoll frå møte 22.05.14
- 12/14 Referat- og orienteringssaker 04.09.14
- 13/14 Revisor si egenerklæring 2013
- 14/14 Revisjonsavtalen – bruk av opsjon til 30.06.16
- 15/14 Invitasjon – selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS - prosjektplan
- 16/14 Kontroll og tilsyn – budsjett for 2015 – utvalet si innstilling
- 17/14 Reglementet til kontrollutvalet – endring vedk. kap. 8 om høyring
- 18/14 Prosjektplan – forvaltningsrevisjon – «Tilpassing til Samhandlingsreforma»
  
- 19/14 Godkjenning av protokoll frå møte 04.09.14
- 20/14 Referat- og orienteringssaker 20.11.14
- 21/14 Revisjonsplan for Bokn kommune 2014
- 22/14 Møteplan for 2015 for kontrollutvalet
- 23/14 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2015 (ekstrasak)

**Saker til orientering:**

1. Møteplan 2014
2. Kom.styrevedtak 17.12.13, sak 42 – Forvaltningsrevisjonsrapport- økonomisk sosialhjelp
3. Kom.styrevedtak 17.12.13, sak 43 – Oppfølging av gjennomført kontroll i IKA IKS
4. Kom.styrevedtak 17.12.13, sak 49 – Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2014
5. Årsrapport 2013 - Skatteoppkrevjaren i Bokn
6. Skatterekneskapen 2013 - Bokn kommune
7. Brev frå kontrollutvalet om avviksrapportering
8. Tilbakemelding til kontrollutvalet om avviksrapportering v/rådmannen
9. Oversending frå utvalsleiar om kommunen sitt post- og datasystem
10. NKRF - Kontrollutvalskonferansen 2014 – evaluering
11. Statusrapport pr februar 2014
12. Fylkesmannen – informasjon om statleg tilsyn med kommunane i Rogaland 2014
13. Skatteetaten - kontrollrapport 2013 – skatteoppkrevjarfunksjonen for Bokn kommune
14. Statusrapport pr mai 2014
15. Protokoll frå representantskapsmøte – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
16. Protokoll frå representantskapsmøte 25.04.14 – Haugaland Vekst IKS
17. Protokoll frå representantskapsmøte – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
18. Representantskapsmøte 21.05.14 – HIM IKS
19. Representantskapsmøte 28.05.14 – Krisesenter Vest IKS

20. Generalforsamling 02.06.14, kl. 15.00 – Haugaland Kraft AS
21. Generalforsamling 17.06.14 - Haugalandspakken AS
22. Statusrapport pr. august 2014
23. Ringerikes Blad – Hadeland Energi ønsker svar frå revisor i anmeldt sak om underslag
24. Protokoll – representantskapsmøte 28.05.14 – Krisesenter Vest IKS
25. Brev 05.08.14 frå KS til kommunane – det vidare arbeidet med ei kommunereform
26. Fylkesmannen - Varsel om tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap 14.10.14
27. Rådmannen sitt budsjettframlegg 2015 v/ rådmannen
28. Status - tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap 14.10.14 v/rådmannen
29. Status - forvaltningsrevisjon – «Tilpassing til Samhandlingsreforma»
30. Presseklipp – Haugesunds Avis 15.10.14 – selskapskontroll av Haugaland Kraft AS
31. Kommunestyrevedtak 14.10.14, sak 28/14 – Reglement for kontrollutvalet – endring
32. Kommunestyrevedtak 14.10.14, sak 29/14 – Revisjonsavtalen – bruk av opsjon
33. Høstkonferansen for kontrollutvala i Rogaland i Sandnes 20.11.14
34. Innkalling til representantskapsmøte i HIM IKS på Toraneset 25.11.14
35. Statusrapport pr november 2014
36. NKRF-konferansen 4.-5.02.15 – påmeldingsfrist 18.12.15

\*\*\*

#### 4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

	REGNSKAP 2014	BUDSJETT 2014	REGNSKAP 2013
Godtgjersle, kurs, m.m	27.940	16.500	4 665
Revisjonstenester	163.820	162.000	113 250
Sekretariatstenester	96.000	96 000	92 000
Sum utgifter eks. mva	<b>287.760</b>	<b>274.500</b>	<b>209 915</b>

Kontrollutvalet handsama på hausten framlegg til budsjett for 2015. Totalt var framlegg til budsjett på kr 312.000. Av dette er kr 100.000 sett av til sekretariatstenester, kr 165.000 til revisjonstenester og kr 47.000 til utvalet. Det er då lagt inn kjøp av ca. 70 timer til forvaltningsrevisjon og andre kontrollar.

#### 4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har no vore i verksemd i 10 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med fire revisjonsselskap (Deloitte, KPMG, BDO og Rogaland Revisjon), andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder. Selskapet har i 2014 vedtatt ny styreinstruks, etiske retningslinjer og overordna strategiplan for perioden 2014-2018.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har egne heimesider, [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no), kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Bokn kommune er Johannes Nilssen vald til representantskapet i IKSet med Sonja Mikkelsen som varamedlem. Sonja Mikkelsen møtte på representantskapsmøtet 28.04.14.

---

#### 5. OPPSUMMERING

---


Aktiviteten i 2014 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram ein rapport og administrasjonen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året. Ved sekretariatet har det vore eit normalår.

\*\*\*

Bokn, 26.02.15



Daghild Alvestad  
leiar



Olav Lande Rossebo  
Nestleiar



Christine Berg Christiansen  
medlem